



Å flytte frå
– å flytte til
Migrasjonens
kraftfelt belyst
gjennom
innvandringa til
USA

Ola Svein Stugu



Migrasjon eller vandring er noko menneske har drive med heilt frå dei eldste tider. For Norge sin del er den største og mest kjende migrasjonsbølga utvandringa til USA gjennom eit hundreår frå 1825, da sluppen «Restaurasjonen» la ut frå Stavanger med kurs for New York. Mitt tema er likevel ikkje utvandringa til USA i seg sjølv, men korleis vi kan bruke innvandringa til USA for å forstå fenomenet migrasjon allment litt betre. I det heile tatt vil eg prøve å seie noko om kva som faktisk foregår i det som eg vil kalle "migrasjonens kraftfelt" mellom det som støyter ut og det som trekker; det vi flyttar frå og det vi flyttar til.

La oss begynne med to bilde. Det øverste har tittelen *Utvandrere*, og er måla av Gustav Wentzel 1903. Vi ser eit dallandskap mellom bratte fjellsider, og vi kan lett forestille oss ei gruppe menneske som ønskjer å kome seg bort ifrå ein stad der det er smått med levebrødet, og som har ein draum om eit betre tilvære ein annan stad, i dette tilfellet på andre sida av Atlanterhavet.

Det mange av utvandarane frå norske bygder kunne sjå for seg, finn vi på fotografiet av ein innvandrarfarm i Minnesota i 1895. Bildet viser driftige menneske som stolt viser fram ein del av avlinga framfor eit nybygd tømmerhus. Slike bilde var noko å sende tilbake også til gamlelandet for å vise at dei hadde lyktest der dei kom: Med hardt arbeid og evne til å møte nye utfordringar var dei på veg til i alle fall å få delar av draumen oppfylt. Draumen om eit betre tilvære er i det heile ei grunnleggjande drifkraft i all frivillig flytting. Enkelt sagt, blir dei forholda som folk vurderer å flytte frå samanlikna med forholda dei vurderer å flyttar til. Eller rettare: Det avgjerande er kva slags forestillingar dei gjer seg om det dei tenkjer å flytte til. Om forestillingane er dekkande eller misvisande, har mindre å seie.

Desse to bilda viser også ei grunnforestilling – ein stereotyp av utvandringa frå Noreg: Det er bønder som vandrar ut, og dei blir bønder der dei kjem, der dei dyrkar opp ein eigedom dei har fått tildelt av amerikanske myndigheiter på grunnlag av Homestead Act frå 1862. Denne stereotypen må nyanserst kraftig.



Ser vi på innvandringa til USA samla sett i tida fram mot 1920, er nemleg Norge eit unntak på den måten at eit fleirtal av innvandrarane herifrå busette seg på landsbygda. Settlerfamilien i Nord-Dakota i 1898, som vart motiv på jubileumsfrimerket ved hundreogfemtiårsjubileet til norsk utvandring i 1975, hadde heilt sikkert bygdebakgrunn. Det hadde nok også huslyden på bildet til høgje, som stiller opp til fotografering i finstasen framfor nybygd hus på farmen. Men mot slutten av 1800-talet var det meste av den dyrkbare jorda opptatt, og eit stort fleirtal av innvandrarane frå Europa frå 1890-åra og utetter vart arbeidrarar i dei raskt veksande byane.

Når det gjeld dei nederste bilda, så er trykket laga etter ei tegning av Adolph Tiedemand frå 1843. Det fortel at utvandring vekte offentleg merksemd alt da. Fotografiet til venstre er teke av Axel Lindahl eit par år før 1890, og har ved fleire høve vorte brukt til å illustrere norsk utvandring til Amerika, til dømes på eit frimerke i 2000. Bildet viser likevel noko anna. Jenta er på veg til Skottland for å lære seg engelsk for å kunne ta imot britiske turistar når ho kom heim att, og ho vart seinare hotelldirektør. Slik sett er ho eit tidleg eksempel på ein annan type migrant, nemleg utanlandsstudenten, som vender heim att med ny kunnskap. (Sverre Mørkhagen...)



Bustandarden som uttrykk for materielt opprykk blant norske innvandrere på prærien kan også illustreres ved hjelp av bileta til venstre. Ser vi på innvandringa til USA i tida rundt hundreårsskiftet under eitt, så er bildet på bokomslaget til høgre likevel mye meir representativt enn dei norskamerikanske farmarfamiliane. Bildet viser gateliv i Mulberry Street i New York i 1900, i eit område som alt da hadde fått namnet «Little Italy». Da hadde den italienske massemigrasjonen berre så vidt begynt. Men i 1901 kom ei lovending i Italia slik at det vart langt lettare å få utreise. Berre mellom 1906 og 1910 kom det over ein million italienarar over havet, og dei vart i åra som følgte den største innvandrargruppa i USA. Eit fleirtal av dei hadde røttene sine på landsbygda i Sør-Italia, men dei vart altså storbybuarar, og der starta dei på botn av samfunnet sosialt sett. Det er kort sagt tale om ein arbeidarklasse som var vel vant med ein hard kamp for tilværet der dei kom ifrå, og som tok med seg erfaringar og kulturtrekk derifrå til det nye landet – inkludert mafiaerfaringar for eit lite mindretal av dei.

Innvandrarar busette seg gjerne nær andre frå same land eller landsdel, der dei kunne oppretthalde etablerte nettverk frå heimlandet eller bygge nye nettverk med menneske dei delte språk og kultur med. Slik oppstod ikkje berre Little Italy i New York, men også irske bydelar i Boston, polske område rundt slakteria i Union Stockyards i Chicago og Chinatown i San Francisco. Dei sosiale mekanismene er dei same som gjorde at mange norske innvandrere klumpa seg saman i Red Riverdalen, enten på Minnesota-sida eller Dakota-sida. Ein klar parallell frå vår eiga tid vil vere bydelar i Oslo med stor pakistansk befolkning eller område i Kreuzberg og Schöneberg i Berlin med tett tyrkisk busetnad.



Her er originalutgåva av fotoet på bokomslaget. Dei vi ser her, er altså menneske som valte å flytte over havet, i motsetning til dei som ikkje tok det valet, men vart buande der dei var, eller kanskje flytta til ein storby i heimlandet i staden.

Kva er det som gjer at nokre vel å flytte på seg, medan andre let det vere? Svaret er ikkje enkelt, men om vi prøvar oss på å parafasere Ingrid Semmingsens boktittel «Drøm og dåd», som kom til jubileet i 1975 og som er ei høgst lesverdig populærsamanfating av historia om norsk utvandring, så er draumen eit viktig utgangspunkt. Så lenge det er tale om frie valg, handlar migrasjon om menneske som av ulike grunnar har forventningar om at det å flytte på seg vil gje ei forbetring i forhold til det å ikkje flytte på seg. Men som det står i Peer Gynt: Tenke det, ønske det, ja ville det med, men å gjøre det...

Kort sagt: det ligg også ei form for dåd i det å emigrere, og Massimo Livi-Bacci hevdar, med godt og omfattande forskingsbelegg, at migrantar i gjennomsnitt er betre utrusta enn befolkninga som heilheit. For å slå igjennom som migrantar krevst både helse og styrke, vilje og pågangsmot. Dette gjeld ikkje berre for migrantar til USA, det gjeld generelt, hevdar Livi-Bacci. Det er dermed ingen grunn til å tru noko anna enn at det også gjeld for vår tids migrantar, altså dei som no har forventningane sine om eit betre liv knytta til Europa. Den store forskjellen ligg i korleis dei blir mottekne i samfunna der dei kjem.

Country/Year	1830*	1850	1880	1900	1930	1960	1970	1980	1990	2000
Austria						305	214			
Bohemia			85							
Canada	2	148	717	1,180	1,310	953	812	843	745	678
China			104							1,391
Cuba							439	608	737	952
Czechoslovakia					492					
Dominican Republic										692
El Salvador										765
France	9	54	107							
Germany	8	584	1,967	2,663	1,609	990	833	849	712	
Hungary						245				
India										2,000
Ireland	54	962	1,855	1,615	345	330				
Italy				484	1,790	1,257	1,009	832	581	
Korea					641	576	760			
Mexico	11	13						2,199	4,298	7,841
Netherlands	1	10								
Norway		13	182	336						
Pakistan										724
Philippines								501	913	1,222
Poland					1,269	748	548	418		
Russia/Soviet Union				424	1,154	691	463	406		
Sweden			194	582	595					
Switzerland	3	13	89							
United Kingdom	27	379	918	1,168	1,403	833	686	669	640	
Vietnam									543	863
Total Foreign Born	108*	2,244	6,679	14,204	10,347	8,640	14,079	19,763	31,100	
% Foreign Born	0.8%*	9.7%	13.3%	13.6%	11.6%	5.8%	4.7%	6.2%	7.9%	11.1%
Native Born	12,677	20,947	43,476	108,571	168,978	203,210	212,466	228,946	250,321	
% Native Born	99.2%	90.3%	86.7%	86.4%	88.4%	94.2%	95.3%	94%	92.1%	88.9%
Total Population	12,785	23,191	50,155	75,994	122,775	179,325	203,210	226,545	248,709	281,421
	1830	1850	1880	1900	1930	1960	1970	1980	1990	2000


Statistikk er nyttig for å forstå eit fenomen. Denne tabellen viser utanlandsfødde i USA ved eit utval folketeljingar mellom 1830 og 2000. Kolonnen til venstre fortel kva land dei var fødde i, og dei landa som har kome med i tabellen, er dei som ved ei eller anna teljing var mellom dei ti øverste på rankingen. Norge når, som vi ser, så vidt opp i ti på topp i 1850, 1880 og 1900.

Det eg har sirkla inn i blått, grønt og raudt, er dei landa som til ulike tidspunkt har toppa lista. Som vi ser, var irarane den største gruppa utanlandsfødde i 1850. Da hadde masseutvandringa frå Irland nettopp begynt, og talet på irskfødde vart fordobla fram til 1880. Men da hadde ei anna gruppe auka enda meir; dei tyskfødde. Den italienske innvandringa var svært stor etter hundreårsskiftet og i 1930 har dei italienskfødde vorte den største gruppa av utanlandsfødde, mens alle andre generasjons tysk-amerikanarar ikkje lenger er synlege i statistikken.

Den brune og den gule sirkelen fortel at andelen av utanlandsfødde var på topp i 1900, mens andelen utanlandsfødde låg på sitt lågaste i 1970, før han aukar igjen. Frå da av er det mexikanarane som toppar statistikken overlegent. Men vi ser at det også er mange indarar, kinesarar og filippinarar i 2000, mens europearane ikkje lenger er synlege på listene.

Vi skal også merke oss at heile tida har den overveldande delen av innbyggjarane i USA vore fødde innanlands. Vi trur for eksempel gjerne at det var innvandrarar som dyrka opp prærien og fordreiv indianarane derifrå, men eit fleirtal av nyriddarane var fødde i USA, og flytta vestover i etappar. Indre migrasjon var kort sagt viktigare enn innvandring. Også på dette punktet har vi parallellar til vår eiga tid, der den utan samanlikning største migrasjonsrørsla dei siste tiåra er folkeflyttinga som foregår i Kina frå fattige innlandsprovinsar til rikare kystprovinsar.

La oss sjå litt meir på den norske innvandringa.




Diagrammet viser samla utvandring frå Norge – altså ikkje berre til USA, sjølv om det utgjør hovudtyngda heilt fram til den siste periodeh. Vi ser at utvandringa kjem i tydelege bølger, som heng tett saman med økonomiske vilkår både i Norge og på andre sida av havet. Største utvandringa frå Norge kom såleis i kriseperioden mellom 1875 og 1890, mens 1890-åra var prega av tørke og uår i jordbruksområda i USA. Parallellen er klar til Norge i dag, der vi nettopp no er inne i ein sterk nedgang i arbeidsinnvandringa etter som oljeprisfallet får stadig større ringverknader.

Kven vandra ut?

Det var mest familier i dei to første fasane. Ofte reiste mannen først for å legge seg opp pengar slik at han kunne betale billetter for familien. Men i dei siste bølgene var fleirtalet unge og einslege, eller gjerne vennegrupper, og andelen som reiste ut frå ein by, var stor. Berre eit lite mindretal av desse kunne få seg ein eigen gard – om det no var det dei ønskte. Dei vart i staden arbeidsfolk, og mange begynte som arbeidarar for etablerte norskamerikanarar før dei flytta vidare. Ganske mange vende tilbake når dei hadde lagt seg opp ein del pengar. Bestefar til Inger Granby er eit eksempel på dette, og totalt sett blir det rekna at ein tredel av dei som emigrerte til USA, kom tilbake. Men det var også slik at mange som hadde planlagt å kome tilbake, vart verande, og somme dreiv i mange år som ei slags langtidspendlarar, særleg i den siste fasen. Her har vi også parallellar i arbeidsinnvandrarar til Norge dei siste åra. For eksempel har mange polakkar og litaurarar som kom mellombels til Hitra og Frøya for å arbeide i havbruksnæringa, etter kvart teke familiane sine til Norge.

Wentzel var med andre ord utdatert da maleriet vart laga! Hans utvandrarar er nok først og fremst representativ for dei tidlegare bølgene.



La oss heve blikket eit par hakk og prøve å plassere migrasjonen til USA i eit lengre historisk mønster. Vi kan begynne med prehistoria, og dei globale, men svært langvarige migrasjonsrørslene som til sist førte til at vår art, homo sapiens sapiens, befolka heile kloden.

* Så gjer vi eit langt sprang til folkevandringstida for 1500 år sidan. Den er eit eksempel på det vi kan kalle den førmoderne migrasjonen, der folkegrupper som budde i eit område utan ein etablert stat braut opp og flytta på seg, delvis fordi dei vona på eit betre tilvære ein annan stad enn der dei var, delvis fordi dei sjølv vart pressa på ulike måtar, eller kjende seg truga av sterkare grupper.

* Folkevandringane hadde mye felles med vikingtida, som også var ei blanding av reine plyndringstokt, territorielle erobringar og landnåm, det vil seie permanent busetting. Til samanlikning var den germanske ekspansjonen austover seinare i middelalderen og Bantu-vandringane i Afrika først og fremst langvarige busettingsprosessar, der teknologisk og økonomisk sterkare folkegrupper trengjer andre folk til sides.

* Det siste kartet viser vandringsmønster i tidlegmoderne og moderne tid, det vil seie både under handelskapitalismen og industrikapitalismen fram mot midten av 1900-talet. Dette er verdenshistorisk sett Europas store tid, da verdensdelen ikkje berre eksporterte menneske, men der europeiske makter tok kontroll over store delar av verda, og nybyggjarar, settlarar, av europeisk opphav tok kontrollen og fordreiv eller underkua dei som budde der frå før. USA er det best kjende, men langt ifrå det einaste eksemplet på ein slik settlarstat.

Dette er også tida da verda gradvis vart delt inn i nasjonalstatar, som alle har gjort meir eller mindre vellykka forsøk på å få kontroll over migrasjonen, slik dei også prøvar i dag.


Sale of Slaves and Stock.

The Negroes and Stock listed below, are a Prime Lot, and belong to the ESTATE OF THE LATE LUTHER MCGOWAN, and will be sold on Monday, Sept. 22nd, 1851, at the Fair Grounds, in Savannah, Georgia, at 1000 P. M. The Negroes will be taken on the grounds two days previous to the Sale, so that they may be inspected by prospective buyers.

On account of the low prices listed below, they will be sold for cash only, and must be taken into custody within two hours after sale.

No.	Name	Age	Remarks	Price
1	Louisa	27	Prime Rice Planter,	\$1,275.00
2	Violet	36	Housework and Nursemaid,	900.00
3	Lizzie	30	Rice, Unusual,	300.00
4	Minda	27	Cotton, Prime Woman,	1,200.00
5	Adam	28	Cotton, Prime Young Man,	1,000.00
6	Abel	41	Rice Hand, 5', eight Poor,	675.00
7	Tanney	22	Prime Cotton Hand,	950.00
8	Florentina	39	Good Cook, Stiff Knee,	400.00
9	Lansy	34	Prime Cotton Man,	1,000.00
10	Sally	19	Handy in Kitchen,	675.00
11	Macabee	35	Prime Man, Fair Carpenter,	700.00
12	Dorcas Judy	25	Seamstress, Handy in House,	800.00
13	Giddy	65	Blacksmith,	375.00
14	Musden	15	Prime Cotton Boy,	700.00
15	Bibi	21	Handy with Males,	900.00
16	Theophilus	39	Rice Hand, Gets Fire,	375.00
17	Cooldidge	29	Rice Hand and Blacksmith,	1,275.00
18	Bessie	69	Infirm, Sewer,	250.00
19	Infant	1	Strong, Likely Boy,	400.00
20	Samson	41	Prime Man, Good with Stock,	975.00
21	Catie May	27	Prime Woman, Rice,	1,000.00
22	Honey	14	Prime Girl, Hearing Poor,	850.00
23	Angelina	36	Prime Girl, House or Field,	1,500.00
24	Vivian	21	Prime Field Hand,	1,100.00
25	Tom	49	Rice Hand, Lame Leg,	750.00
26	Noble	11	Handy Boy,	900.00
27	Judge Lesh	55	Prime Blacksmith,	895.00
28	Booster	43	Fair Mason, Unusual,	660.00
29	Big Kate	37	Housekeeper and Nurse,	950.00
30	Melie Ann	19	Housework, Smart Yellow Girl,	1,250.00
31	Deacon	26	Prime Rice Hand,	1,000.00
32	Conang	19	Prime Cotton Hand,	1,000.00
33	Mabel	47	Prime Cotton Hand,	800.00
34	Uncle Tim	60	Fair Hand with Males,	600.00
35	Abe	29	Prime Cotton Hand,	1,000.00
36	Tennes	29	Prime Rice Hand and Cochman,	1,250.00

There will also be offered at this sale, twenty head of Horses and Mules with harness, along with thirty head of Prime Cattle. Slaves will be sold separate, or in lots, at best suits the purchaser. Sale will be held rain or shine.



Slavehandelen fekk store konsekvensar ikkje berre for individua som vart ramma, men også for store delar av Afrika, samt for dei områda der slavane vart brukte som arbeidskraft, hovudsakleg i ein tidlegkapitalistisk plantasjeøkonomi. Dette gjeld altså den europeiske slavehandelen. Det var eit omfattande slavehald også i den arabiske verda, men der var det andre bruksmåtar.

Til venstre ser vi ein annonse for ein slaveauksjon i 1851, med utropsprisar og beskrivelse av salsobjekta. Øvste bildet t.h. illustrerer transporten over havet, og inngjekk i ein serie bilde som skulle bidra til å reise ein opinion imot slavehandelen. Fotografiet nederst vart teke i 1862, og viser ei gruppe slavar saman med eigaren, sørstatsgeneralen Thomas F. Drayton. Han hadde gifta seg til ein eigeendom med 100 slavar på ei øy utanfor Charleston i Sør-Carolina, og bruka blant anna slavane til å bygge forsvarsverk under borgarkrigen – altså til forsvar mot dei som ønskte å bekjempe slaveriet.


Sale of Slaves and Stock.

The Negroes and Stock listed below, are a Prime Lot, and belong to the ESTATE OF THE LATE LUTHER MCGOWAN, and will be sold on Monday, Sept. 22nd, 1832, at the Fair Grounds, in Savannah, Georgia, at 1000 P. M. The Negroes will be taken on the grounds two days previous to the Sale, so that they may be inspected by prospective buyers.


On account of the low prices listed below, they will be sold for cash only, and must be taken into custody within two hours after sale.

No.	Name	Age	Remarks	Price
1	Louisa	27	Prime Rice Planter,	\$1,275.00
2	Violet	36	Housework and Nursemaid,	900.00
3	Lizzie	30	Rice, Unbound,	300.00
4	Minda	27	Cotton, Prime Woman,	1,200.00
5	Adam	28	Cotton, Prime Young Man,	1,000.00
6	Abel	41	Rice Hand, 5, eight Poor,	675.00
7	Taney	22	Prime Cotton Hand,	950.00
8	Florentina	39	Good Cook, Stiff Knee,	400.00
9	Lansy	34	Prime Cotton Man,	1,000.00
10	Sally	19	Handy in Kitchen,	675.00
11	Macabee	35	Prime Man, Fair Carpenter,	700.00
12	Dorcas Judy	25	Seamstress, Handy in House,	800.00
13	Tippey	65	Blacksmith,	575.00
14	Murden	15	Prime Cotton Boy,	700.00
15	Bibi	21	Handy with Males,	900.00
16	Theopold	39	Rice Hand, Gets Fire,	575.00
17	Cooldige	29	Rice Hand and Blacksmith,	1,275.00
18	Bessie	69	Infirm, Sews,	250.00
19	Infant	1	Strong, Likely Boy	400.00
20	Samson	41	Prime Man, Good with Stock,	975.00
21	Catie May	27	Prime Woman, Rice,	1,000.00
22	Honey	14	Prime Girl, Hearing Poor,	850.00
23	Angelina	36	Prime Girl, House or Field,	1,000.00
24	Virgil	21	Prime Field Hand,	1,100.00
25	Tom	49	Rice Hand, Lame Leg,	750.00
26	Noble	11	Handy Boy,	900.00
27	Judge Lesh	55	Prime Blacksmith,	895.00
28	Booster	43	Fair Mason, Unbound,	660.00
29	Big Kate	37	Housekeeper and Nurse,	950.00
30	Melie Ann	19	Housework, Smart Yellow Girl,	1,250.00
31	Deacon	26	Prime Rice Hand,	1,000.00
32	Conang	19	Prime Cotton Hand,	1,000.00
33	Mabel	47	Prime Cotton Hand,	800.00
34	Uncle Tim	60	Fair Hand with Males,	600.00
35	Abe	29	Prime Cotton Hand,	1,000.00
36	Tennes	29	Prime Rice Hand and Cochman,	1,250.00


There will also be offered at this sale, twenty head of Horses and Mules with harness, along with thirty head of Prime Cattle. Slaves will be sold separate, or in lots, at best suits the purchaser. Sale will be held rain or shine.



Det store mottaksområdet for afrikanske slavar var likevel ikkje USA, men Karibien og Brasil, der dei framfor alt vart brukte i sukkerproduksjonen, med horrible dødstal. Det kan vere eit påminning også for trondheimarar, som kjenner att sukkerhuset på Kalvskinnet både frå bybildet i dag og frå etikettar på Dahls-øl. Sukkeret som skulle raffinert der, kom frå slaveplantasjar på St. Thomas og St. Croix i Dansk Vestindien: Utan slavane, ikkje noko sukkerhus!




Så er vi over i seinmoderne tid og dagens vandringsmønstre. Kartet viser migrasjonsmønstre etter 1973, og er henta frå boka t.v. Ho betraktar altså den tida vi no lever i, som «The Age of Migration». Den største endringa i balansen mellom verdensdelane er at pilene ut frå Europa har vorte snudd til piler inn. Elles kan vi merke oss dei sterke rørslene inn til USA frå spansktalande naboland, samt den sterke arbeidsinnvandringa til den arabiske halvøya, spesielt frå Sør-Asia. Forholda som langtids gjestearbeidarar lever og arbeider under der, har vi fått stadige påminningar om i dei siste månadene, i form av nyheitsmeldingar om forholda for arbeidarane som bygger ut anlegg til fotball-VM i Qatar. Her kan vi snakke om gradar av tvang og frivilligheit – omtrent på linje med indiske kontraktarbeidarar på ulike typar plantasar i perioden etter at slaveriet formelt var oppheva.




Korleis er så stoda i Norge i denne siste perioden?

Som det øverste diagrammet viser, snudde Norge frå utvandrarland til innvandrarland rundt 1970. Spranget etter 2005 er knytt til arbeidsinnvandring frå land som vart med i EU frå 2004, framfor alt Polen og Baltikum. Diagrammet nederst viser kvar innvandrarane kom ifrå, og kva slags forskuvingar det har vore dei seinare åra. Dei største innvandrargruppene kjem som vi ser frå land nær oss, men det er viktig å ta med i analysen at innvandrarar frå den 3. verda i langt større grad enn europeiske arbeidsinnvandrarar buset seg permanent i Norge. I statistikkar over utanlandsfødde som har fått norsk statsborgarskap, ligg såleis pakistanarar på topp, følgt av vietnamesarar.



For å sette migrasjonen mellom land i perspektiv: Den interne migrasjonen i dei største landa er i hovudsak langt meir dramatisk i omfang enn den internasjonale. Eg har alt nemnt Kina, og vil utdjupe det: I 2010 var det rekna at 240 mill kinesarar som formelt var knytte til hukoku-systemet på landsbygda (alle var registrerte i urbane eller rurale arbeidslag) hadde inntektene sine utanfor den hukokuen der dei var registrerte. Dei hadde få rettar på arbeidsmarknaden. Jamfør karta over flytting med inntekstkartet (på provinsnivå). Det viser kva folk flyttar for: Skuv ut frå fattige område, og tiltrekning frå langt rikare med rikare arbeidsmoglegheiter.



Eg vil få avrunde med den migrantgruppa som har hatt størst merksemd den siste tida, nemleg flyktningar. Dei kjem i ei form for mellomstilling: Dei kjenner seg tvinga på flukt for å oppnå tryggleik for seg og sine, men er likevel under ein annan type tvang enn slavane. Likevel blir dei gjerne ståande i ein utoleg mellomsituasjon der spørsmålet blir å finne det minste vonde, ikkje å kunne maksimere gode.

Kva har vi så lært om «migrasjonens kraftfelt»? For det første spelar økonomiske og sosiokulturelle forhold allment ei sentral rolle som drivkrefter for migrasjonen. Men i nasjonalstatens periode er det i siste instans politiske krefter som kanaliserer migrasjonen og styrer resultatene av dei personlege vala. Enkelt sagt: Somme grenser er stengte, andre er opne; i somme stadar krevst det tillatelse for å kunne dra ut, andre stader krevst det tillatelse for å kunne kome inn.

Jamfører vi dagens migrasjon med innvandringa til USA fram til 1930, ser vi såleis at parallellane nok er mange, spesielt når det gjeld dei sosiale og økonomiske kreftene som skaper og forsterkar flytting. Dei politiske rammevilkåra er likevel annleis. Ser vi på vår eigen verdensdel, er det utenkeleg at Europa vil ta imot alle som ønskjer å kome hit på same måte som USA tok imot masseutvandringa frå Europa for hundre år sidan. Eit minimum av anstendigheit tilseier likevel at vi at vi avstår frå å delta i kappløpet om å bli dei strengaste i heile Europa. Vi må vere villige til å møte dei som vil hit med elementær medmenneskelegheit, med respekt for enkeltindividas rettar og med vilje til å følgje dei internasjonale konvensjonane som landet har skrivne under på.

Migrasjonsspørsmåla er i det heile tatt mellom dei mest påtrengande politiske spørsmåla i vår tid, og vi finn ikkje svar på dei utan å sjå dei i historisk lys. Det er dette eg har prøvd her.